



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Rådgevargruppa	Alf Magnar Strand
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 17/228
		Klassering:

### Kompetanseutviklingsplan 2017-18

**Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok ein fireårsplan for kompetanseutvikling i skulane i møte 28.04.2016, sak 24/2016. Planen skal rullerast årleg i samband med søknadsfristen på statlege midlar til vidareutdanning. Med bakgrunn i det har rådmannen laga framlegg til plan for skuleåret 2017-18.

#### Høyring

Planen er utarbeidd av rådmannen etter innspel frå rektorane og Utdanningsforbundet.

#### Fakta

Dei siste åra har Masfjorden årleg hatt 1-2 lærarar på vidareutdanning i prioriterte fag. Kommunar av vår storleik vil i utgangspunktet få midlar til å vidareutdanna ein lærar årleg, men fordi ikkje alle kommunar nyttar kvoten sin fullt ut, har det vore mogeleg for oss å få utdanna fleire. I budsjettet vårt for 2017 er det sett av kr 230000, det rekk til å gje vidareutdanning til to lærarar.

#### Vurdering

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av fireårsplanane «Strategi for etter- og vidareutdanning» som vår satsing på etter- og vidareutdanning har bygd på. § 10-8 i Opplæringslova slær fast at: «Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling”... Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at ”for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.”

Kva fag våre lærarar har fått vidareutdanning i sidan ordninga kom i gang og kva fag skuleeigar vil prioritera komande skuleår, går fram av sjølve planen.

#### Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2017-18 slik han ligg føre.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost